



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
22/70183-2

Dykkar referanse:
22/822 - 22/27622

Vår dato:
27.04.2022

Uttale til søknadspliktig tiltak – Tilbygg, endring av fasade, berekonstruksjonar – Gnr. 203 bnr. 20 – Fyllingen – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 08.04.2022. Saka som er oversendt Statens vegvesen til uttale gjeld søknad om dispensasjon knytt til eksisterande bustad på gnr. 203 bnr. 20 for tilbygg, fasadeendring og endring i berekonstruksjon.

Eigedomen ligg i uregulert område. Det vert søkt om dispensasjon frå arealføremål LNF spreidd bustad, jfr. føresegn 3..4.7 i kommunedelplan for Lindås. Tiltaket ligg i bandleggingssone for ny E 39.

Uttale

Til denne dispensasjonssaka gjev Statens vegvesen uttale i rolla som forvaltar av riksveg. Tiltaket ligg i bandleggingssona for regulering av ny E39. Ut frå plankart som er utarbeidd i samband med kommunedelplan for E39 prosjektet, vil denne eigendommen komme utanfor planområdet. Og også utanfor støysona. Statens vegvesen vurderer det difor slik at tiltaket ikkje er i konflikt med planlegginga av ny E39. Vi har ikkje merknad til at det vert gjeve dispensasjon frå bandleggingssone for ny E39.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø